

Peder Viko forfatterskap

Forkorting. R. B. Romsdals Budstikke - R. U. Romsdal Ungdomssamlag - U. R. Unge Romsdal - NJLS. Norsk Tidsskrift for Jordskifte og Landmåling.

Soga åt Nesjestranda Ungdomslag 1890-1925, i 30-årsskriftet for R. U. 1925, s. 19 ff.

«Romsdal» og fylkesnamnet, rundspurnad til tingmenn og tingmannsemne i fylket om dei vil stø det kravet at nemninga Romsdal kjem med i fylkesnamnet. I Romsdalspressa o. a. 25/2 1925.

Husflid, foredrag på ei husflidsutstilling i Røvik 1926 Innkalling til skiping av eit Romsdal Husflidslag, i romsdalspressa. Laget vart skipa i Molde 6. januar 1928.

R. U. set i verk arbeid med å skipa eit Romsdals Portrettgalleri i gamle Romsdalsheimen. Plan frå 5. desember 1929. Mykje vart samla, men vart ikkje fullgodt berga under Molde-brannen i 1940.

Vel Møtt! Helsing til det nye ungdomsbladet Unge Romsdal - U. R. 4. januar 1930. Halvårsprogram i ungdomslaga, fylkesnamnet - alle bladstykke i same nummer av U. R.

Romsdalsnamnet, svar til prof. Koht i romsdalsbl. 1931.

Ved årsskiftet U. R. 13/1 1931.

Fyikesnamnet, U. R. 14/4 s. å.

Melding i U. R. 31/3 1931: Romsdal, navnet og området i lenstid og sagatid, av Didrik Arup Seip og Sverre Steen. (U.R. 31/3-51).

Vedtak i folkemøte på Romsdalsmuseet 7. juni 1931 med tale av dosent, då var, professor Sverre Steen, formannen i R. U. o. m. Namnet på det fylke som nå heiter Møre bør få namnet Møre og Romsdal.

Romsdal og Fylkesnamnet. Svar til prof. Halvdan Koht i romsdalspressa dat. i mars 1931 og i Gula Tidend s. d.

Innsamling til Bjørnsonmonumentet, meldingar i U. R. og dagspressa 1957.

Magister Anders Iversen Borch. U. R. 25/7 1933.

Byggmeister Havnes, U. R. 1934 s. 66 f.

Amtmann Otto Theodar Krohg. U. R. 7/2 1935.

General Reinhold von Hoven, U. R. 21/3 1935.

Fylkesnamnet, merknad i U. R. og dagspressa til Ot. med. I 1935.

Veøyguten Hans Steenbuch, U. R. 1935.

Dei som vart heime, tale på årsfesta til Romsdal Landmannslag 30/1 1931. R. B.

Det gamle og det nye Romsdal, tale på landsstemna åt Noregs Ungdomslag, på Vestnes i 1940.

Romsdal i norsk historie, Veøykaupangen, tale på landsstemna åt N. Ul. i Molde 1951. R. B.

Bjørnson og Romsdal. Reis diktaren eit monument i Romsdalsbyen, til jubileet 1957. Bladstykke i Romsdalspressa, Den 17. Mai, Nationen o. fl. 1955.

Korleis Bjørnsons-statuen vart til - Romsdalspressa 3/8-57.

Romsdal-Sunnmøre. Til Norsk Pedagogisk Landslag 12/8 1927. Rundspurnad 1924, 25/2 1925, R. B. 1924, 1926 og 21/6 1930.

Romsdalsnamnet. Brosjyren 1930. (Det blå heftet.)

Romsdalslaget, Oslo. Tale av Peder Vik i Romsdalslaget om B. Bjørnson, 6/3 1956. Talen attgjeven i bladet Norges Kvinner o. fl.

Romsdalsnamnet. Folkestemne 7. juni 1931. Sendt fråsegn til Fylkestinget og til Romsdalspressa 8/6-1931.

Romsdal i Norsk Historie. Veøykaupangen. Tale av Peder Vik på Romsdalsmuseet 22/6 1951. (Landsmøtet åt N.U.L. i Molde.)

Veøy Kyrkje og kongsgard. Tresfjorboka, og serprent.

Presteskyssen i Veøy. Eit trist 70 årsminne frå 2. februar, kyndelsmessedagen 1890. Fylket 4/2 1960.

Bjørnson og Romsdal. Brosjyre med sitat og bilæte 1955. Samla i høve 125-årsjubileet 1957.

Jørgen Olafsen: Skulemannen og politikaren. Tale på 100-årsminnestemna i Klokkargarden, Bergsvik, 1949. R. B. 23/6 1949. Seinare attgjeven i Årbok for Gudbrandsdal 1962.

Veøy prestegjeld og kommune - Veøynamnet. Innlegg i R. B. 7/4 1960. U. R. 18/4 1960, R. Folkeblad 11/4 1960.

Veøystemne for slaget ved Sekken 1162, eit 800 års minne. Artikkel i dagspressa og U. R. 1962.

Jordskiftedommar Lars Dalset. 80 år. R. B. 31/7 1946.

Jordskiftedommar Ivar Torvik. 70 år. R. B. 17/6 1947.

Jordskiftedommar Ivar Torvik. Døydde 9. sept. 1956. Minneord i Romsdalspressa og Nationen 25/9 1956 og i NJLS.

Jordsskiftelandmålar S. A. Nesje døydde 30/4 1962. Minneord i R. B. og i NJLS.

Jordskiftedommar Asbj. Sæbø slutta i tenesten. Tidsskrift for NJLS nr. 1 1964 (side 42.)

Tomas Von Westen og Veøy. Bladet Sjustjerna, R. B. o. fl. 22/5 1964.

Prost Jens Stub, Veøypresten og Eidsvoldsmannen. R. B. o. fl. 29/6 1964.

Prestar i Veøy: Sjustjerna nr. 4, april 1966.

Jordrett og Jordskifte: Serprent til Bolsøyboka IV, 1966.

Veøy Prestegjeld. Melding til R. B. og R. Folkeblad om soknemøte i Veøy Kyrkje om inndeling av prestegjeldet og innlegg om at Veøy prestegjeld må bli halde oppe. R. B. 22/4 1966.

Jarnhatten. Målprøve frå Veøy. Romsdals-Målet av Didrik Arup Seip.

Dessutan har eg halde mange foredrag og skreve litt i pressa, - mest i Romsdalsblada. - I året 1960 heldt eg eit stutt foredrag på Aas Landbrukshøgskule. Det var då 50 år sidan eg tok eksamen ved skolen. Fleire 50 årsjubilarantar var innbedne.

Peder Vik er fødd 24. september 1884 på Nesjestranda i gamle Veøy herad. Landbruksskule 1906, landbrukskandidat 1909 og jordskifte-kandidat 1910. Jordskiftelandmålar frå 1910 i Salten, kom til Romsdal distrikt 1913. Jordskiftedomar utan fast distrikt i Møre og Romsdal 1934, og jordskiftedomar i Romsdal frå 1946 til han slutta i 1953. - Ordførar i Veøy 1933-1940 og i 1945. Synsstyrar for prestegardane i Indre Romsdal. - Formann i Romsdal Ungdomssamlag 1924-1933. Han ble på årsmøte i Romsdal Sogelag 1967 oppnemnd til heiders-medlem av laget.